

Lars Hopland  
Seimsleitet 126  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1462 - 18/18600

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
08.06.2018

## Svar på søknad om omdisponering av innmarksbeite til skog

### Administrativt vedtak. Saknr: 297/18

Det er kome inn munnleg søknad om omdisponering av 18,8 dekar innmarksbeite til skogplanting på gbnr 172/6 Hopland. Søknad er motteke 3.mai 2018.

### Vedtak

Lindås kommune gjev løyve til omdisponering av den 18,8 dekar store teigen med innmarksbeite på gbnr 172/6 Hopland. Formålet er skogplanting. Vedtaket har heimel i § 9 i jordlova.

### Saksutgreiing:

#### Landbrukseigedomen gbnr 172/6 Hopland :

Eigedomen har eit totalareal på 301,8 dekar. Av dette er 25,7 dekar full- og overflatedyrka jord. 35,7 dekar innmarksbeite. Det er i dag 225 dekar skog av høg bonitet. Resten av arealet er i stor grad anna utmark. Grunneigar har ikkje sjølv drive innmarka på mange år. Slåttemarka vert hausta av nabobruk i aktiv drift, men beitene vert ikkje nytta. Dei er iferd med å gro igjen med lyssiv, bjørnemose m.m.

#### Lovverk :

Saka skal handsamast etter § 9 i jordlova då det aktuelle arealet er dyrka og ligg på ein eigedom som kan nyttast til jordbruk og skogbruk.

### Vurdering :



Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon.

Formålet med arealet i gjeldande kommuneplan er LNF (landbruk, natur, friluftsliv) og det omsøkte tiltaket er såleis i tråd med kommuneplanen. Som det framgår av kartet så grensar den omsøkte teigen inntil skog skog på alle kantar forutan mot fylkesvegen. Såleis vert området eit samanhengande skogsområde.

Tilplantinga vil såleis vere ei driftsmessig god løysing med eit samanhengande stort skogsområde som vil vere driftseffektivt å høgge og det vil verte eit homogent og harmonisk landskap utan konflikt med naboar som tapar utsikt.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Lars Hopland

Seimsleitet 126 5912

SEIM